

INFORMASJON

Kyrkjebladet for VAKSDAL

75. ÅRG. / NR. 1 - 2021

God påske!



Per og
Tove Margrete
Side 6-7

Fasteaksjonen
2021
Side 8



Velkommen
til kyrkja
Side 15

www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys.og ons. kl. 11-14**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62 / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77 / E-post: ap244@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

GATEADRESSER:**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale Sokn 525329

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111

Kyrkjeleg fellestråd 94073

Bilete på framsida: Stamnes barnekor syng under "bålpanne-gudstenesta" utanfor Stamnes kyrkje i februar

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 31. mai 2021.

Djupe røter...



Ja du merkar det kanskje du også? Det vert lyst om morgonen, og det er ikkje lenger mørkt når me er ferdige på jobb om dagen. Dei varmaste vinterkleda begynner å bli vel varme, og snøen forsvinn. Våren symboliserer på mange måtar håpet. Alt liv startar opp igjen på nytt. Ein tung og lang vinter er over, og me får begynna å gle oss til sumaren so ligg der framme. Og ein ting er sikkert, me treng verkeleg håpet der framme.

No kan me endeleg begynne å bevege oss ute igjen. Me kan snakka med naboen som er ute på tur. Det hjelper også på humøret at det ikkje lenger er so mørkt og kaldt. Om det hadde vore snø igjen på bakkane, kan du sjå at det begynner å smelte kring trea. No begynner livet å veksa opp igjen, det som ligg djupt nede i røtene på trea

Dei dagane som er ekstra tunge, pleier eg å sjå litt på familiebilete som eg har på skrivebordet på datamaskina mi. Storfamilien som er samla, og som har det kjekt saman. Då kjenner eg ro og fred, eg kjenner at eg vert grunnfesta, eg kjenner at røtene er djupe og faste. So lev livet, gå ut og smil til dei du ser rundt deg. For livet er inga generalprøve. Det startar no.

Bjart-Magnus N Rosvold, Kyrkjeverje

Leiar i Vaksdal kyrkjelege fellestråd:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25

e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Leiarar i sokneråda:

Bergsdalen: Lise-Lotte D. Småbrekke, tlf. 91 34 03 64

Dale: Brith Kydland, tlf. 48 13 06 64

Eksingedalen: Bjørg Lavik, tlf. 95 14 37 76

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkje si heimeside:

www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Bodoni AS, avd. Hardanger,

Øystese. Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrjekontoret for

Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjelydane i Vaksdal på Facebook:

- Vegen i Vaksdal (trusopplæringa)

- Babysong, Småbornssong og Knøttesong i Vaksdal

- Kyrkjene i Vaksdal

- Bergsdalen kyrkje

- Nesheim kyrkje

- Dale Ving




Påskeevangeliet

For først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke, at Kristus døydde for syndene våre, som skriftene har sagt, at han vart gravlagd, at han stod opp att tredje dagen, som skriftene har sagt, og at han synte seg for Kefas og derefter for dei tolv. Så synte han seg for meir enn fem hundre sysken på ein gong. Dei fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn. Sidan synte han seg for Jakob, så for alle apostlane. Og aller sist synte han seg òg for meg, eg som berre er eit ufullbore foster. 1.Korinterbrev 15. 3-8

Til jul les me Juleevangeliet frå Lukas 2. Påskedag les me frå eitt av evangelia forteljinga om kvinnene som fann den tomme grava. Eldste skriftlege kjelde til påskehendinga er ikkje frå Markusevangeliet, men denne teksta som er forma som ei vedkjenning. Apostelen Paulus reiste rundt i Lilleasia og i Hellas kor han grunnla kyrkjelydar. Han var stadig på reise nye stader. Han heldt kontakt med kyrkjelydane, og skreiv brev for å oppmuntre og å styrkje dei i trua på Jesus Kristus. Evangelia er skrivne seinare som forteljinga om Jesus etter ulike kjelder av apostlane si forkynning til kyrkjelydane. Paulus skreiv sjølv. Men han hadde òg kjelder av tradisjonar som vart med i breva sine. Denne teksta er ein slik kjelde. Eldste delen er truleg svært gamal. Det er evangeliet kort fortalt i verseform. Kefas er det aramaiske namnet for Peter. Jakob er eldste bror til Jesus. Han vart tidleg leiar for kyrkjelyden i Jerusalem.

Tre ting gjer her evangeliet om den oppstadne truverdig. At dei næraste i krinsen rundt Jesus fekk sjå han levande, etter at dei hadde forvissa seg om at han var død på krossen og lagt i grava. Dei gjorde det i fellesskap. Her hos Paulus er einaste plassen at me får høyra at 500 fekk sjå han samstundes. Men Paulus oppmodar kyrkjelyden til at om dei tviler kan dei sjekke sjølve, for mesteparten av dei 500 levde då brevet vart skrivne. For i tillegg å styrkje truverdet, fortel Paulus at



Altartavla i Nesheim kyrkje.

han òg sjølv møtte den oppstadne. Det var ikkje akkurat til heider for han sjølv. Saulus som han heitte den gongen, var ein farisear som ivrig forfølgde kyrkjelyden. Han var på veg til Damaskus, og skulle arrestere alle dei kristne der. Men Jesus stogga han på vegen og tala til han. «Kvifor forfølgjer du meg?» Saulus vart blind. Kameratane måtte leie han inn i byen. Der fekk han møte ein av leiarane for kyrkjelyden. Etter tre dagar fekk han synet att og vart ein truande. No vart han like ivrig til å spreie trua, som han til då hadde vore til å forfølgje. Det er ein audmjuk mann, som kallar seg eit ufullbore foster som ikkje er verdig å kallast apostel. Men av Guds nåde er eg det eg er, seier han. Vi veit at han vart den store misjonæren, som brakt evangeliet til Europa.

Når me feirer påske i dag, er det på grunn av at dette tidlege vitnesbyrde sette hjarte i brann. Korleis kan så mange menneske på ulike stader, og til ulike tider ha sett Jesus som viste dei sine sårmerkte hender og føter. Det var heller ikkje eit spøkelse. Han spiste eit stykke fisk medan dei så på. Det er mot vanleg erfaring at nokon skulle få livet att, men her møter den levande oss gjennom ordet og dei mange vitna. Han kallar oss til tru. Han bar livets kjelde i seg, og sprengde grensene for døden, ikkje berre for seg sjølv, men for alle som trur. I hans namn eig me det nye livet, det som leier gjennom dødens mørke og inn i herlegdomen.

RIKTIG GOD PÅSKE!
Sokneprest Edvard Bø

Min salme

Erna Tolås vart i sist nr av Kyrkjebladet utfordra til å skrive om sin salme:

Det er makt i de foldede hender

Siden Anders Magne utfordret sin mamma, har jeg tenkt mye. Livet har passert revy.

Sang har alltid fulgt meg. Helt fra mor sang ved vogg, til salmesang i skolestuen med frøken Skage. Jeg husker sang i barneforening og ikke minst i Tabernakelet med Olga som spilte gitar og Rigmor mandolin. Vi sang av full hals "Alle, alle vil vi ha med til himmelens lyse land". Tross fly og flyalarm var vi lykkelige barn.

Så kom fredsdagen i 1945. Kirkeklokkene tok til å ringe på ettermiddagen, Folk strømmet ut fra husene - sang og jublet. Jeg var 12 år. Inne satt jeg og min mor. Jeg kjenner enda på fortvilelsen for at jeg ikke fikk være med. Dette var fordi min far sympatiserte med tyskerne, kanskje fordi hadde hatt en tysk far. Hans far omkom på mølla i 1908.

Men på 17. mai stilte jeg med flagg i prosesjonen, på tross av at noen lugget meg i håret.

I 1950 skjedde det noe radikalt i mitt liv. I bygda brøt det ut vekkelse. Guds nærvær var så sterkt at mange søkte til Gud. Ingen som vågde seg inn i bedehuset, gikk uberørt ut igjen. Budskapet og sangen kalte på folket. Jeg var 17 år. Sangen som lød, "Innenfor eller utenfor, hvor skal du bo en gang?", traff meg rett i hjertet. Den dagen ga jeg mitt liv i Guds hånd. Han sier i 2. Kor 6, 2: Jeg bønnhørte deg i rette tid, og hjalp deg på frelsens dag!

Nå er 70 år gått. Takknemligheten for alt jeg har fått oppleve kunne fylt en hel bok. Guds kjærlighet og nåde har bevart meg gjennom sorger og gleder. Jeg kan si som sangeren: "Hitinntil Herren har hjulpet så vel, inntil i dag, til i dag. Sørget så trofast for legem og sjel, inntil i dag, til i dag, osv". Sangboken nummer 329.

Bønnens vei er alltid åpen. Salmen jeg har valgt, må bli: "Det er makt i de foldede hender" av Trygve Bjerkrheim (nr 631 i salmeboken, skrevet i 1955). Den rommer mine tanker og ønsker for mine vener og kjære, at de må vende seg til Gud mens det ennå er tid. Ingen kjenner dagen før solen går ned.

Norsk Salmebok nr 631.

T: Trygve Bjerkrheim 1955

***Det er makt i de foldede hender,
i seg selv er de svake og små.
Men mot allmaktens Gud du dem vender,
han har lovet at svar skal du få.***

Refreng:

***Det er svar undervegs, engler kommer med bud.
Om det drøyer, det fram dog skal nå.
For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få.***

***Du som ber for ditt barn, dine kjære,
er i forbønn fra år og til år.
Om du tålmodets lekse må lære,
himlens bøttesvar du engang får.***

Refreng

***Det er makt i de foldede hender,
når Frelserens navn du får be.
Om en gang, når du livsløpet ender
hvert et bøttesvar klart du skal se.***

Refreng

Erna Tolås sender salmestafetten vidare til Anbjørg Boge.



Prisvinnande dragspel-talent til Dale kyrkje



Vinnaren av Den norske solistpris 2020, Mathias Rugsveen, kjem til Dale kyrkje under Festspillene i Bergen.

Laurdag 29. mai skal den 17 år gamle dragspelaren Mathias Rugsveen spele solokonsert i Dale kyrkje som ein del av Festspillene i Bergen. Ordførar Hege Eide Vik skal vere konferansier under konserten.

Det er første gong Festspillene brukar kyrkja som arena, og då passar lite betre enn ein konsert med vinnaren av NRK-konkurransen Virtuoso og Den norske solistpris 2020.

Ein del av premien er ein eigen festspelkonsert. Rugsveen skal i tillegg til konserten i Dale kyrkje



spele konsert på Siljustøl, heimen til komponist Harald Sæverud, 30. mai.

- Det å vinne Solistprisen er stort for meg. Det stadfestar at eg øver riktig, samstundes som det er veldig motiverande. Eg har og fått mange positive tilbakemeldingar på sosiale

medium. Det følast fint å kunne vise at dragspelet kan brukast i klassisk samanheng, seier Rugsveen.

Starta som femåring

Trass den unge alderen til Rugsveen har 17-åringen, som kjem frå Oslo, lang erfaring med instrumentet. Han byrja nemleg å spele allereie som femåring.

- Foreldra mine ville at eg skulle spele eit instrument, og dragspel var eit av dei som hadde minst venteliste, fortel han.

- Kva inspirerte deg til å satse fulltid på musikk?


- Eg har delteke i mange konkurransar - både nasjonalt og internasjonalt - frå eg var ganske liten. Her oppnådde eg mange topplasseringar, og når eg i tillegg er veldig glad i å spe-

le for publikum, vart det eit naturleg val for meg.

Finale i Norske talentar

Dragspelartalentet kom og til finalen i Norske talentar i 2017, der han til slutt kom på tredje plass av om lag 1500 deltakarar. 17-åringen håpar å få delta i mange internasjonale konkurransar i åra som kjem, så snart koronarestriksjonane byrjar å lette. Han vil og gjerne spele inn ein CD i eit profesjonelt studio etter kvart.

På konserten i Dale skal Rugsveen framføre eit variert utval av både klassiske og populære verk, blant anna av Gioacchino Rossini, Vjatsjeslav Semionov og Harald Sæverud sin Kjempeviseslått. Programmet er tilgjengeleg på nettsidene til Festspillene.



Vaksdal

BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ

-DITT LOKALE BYRÅ SIDEN 1984-

DØGNVAKT 56 59 74 70

- OMSORG VED LIVETS SLUTT -

POST@VAKSDALBEGRAVELSE.NO WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO TLF. 911 79 766

BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05



Brunnboring: I ein landsby i Kuron, der boringa og montering av pumpe m.m. var finansiert av Kirkens Nødhjell

På oppdrag for Kirkens Nødhjelp

Per og Tove Margrete Nordmark bur på Boge, og begge to har nyleg blitt pensjonistar. Men dei har ikkje pensjonert seg frå engasjementet dei i mange år har hatt for menneske i naud. Kyrkjebladet har teke ein prat med dei i samband med den pågåande Fasteaksjonen som Kirkens Nødhjelp står bak.

Nett den hjelpeorganisasjonen har fått mykje av deira engasjement i over førti år. Då er det som regel Per som har vore på

farten rundt om i verda. For at dette kunne la seg gjera, har Tove Margrete i mange år tatt hovudansvaret på heimefronten. Dei to dreiv Boge Bed & Breakfast i omlag 15 år, men har avslutta den verksemda no. Og dei tre borna har for lengst flytta ut og etablert seg ulike stader i landet.

Tove Margrete hadde tankar om å bli misjonær, medan Per gjerne ville ha eit arbeide som gjorde at han kunne vere på fjellet her heime. Det vart ingen av delane på dei, men dei har likevel opplevd det slik at det har opna seg dører for dei til ei rik teneste.

Sør-Sudan

- Eg var student i Oslo, og på toget heim til Ås ein dag møtte eg personalsjefen i Kirkens Nødhjelp,

fortel Tove Margrete. Han skulle snart reise til Sør-Sudan, og utfordra Per og meg til å ta eit engasjement der. Det var litt stas å bli spurt, men og skummelt, og det gav oss noko å tenkja på. Me heldt kontakten med Kirkens Nødhjelp, var i samtalar med dei om eit engasjement og vart tilsette til eit oppdrag i Sør-Sudan i 1980.

Det hadde vore borgarkrig i Sudan, og mange hadde flykta til nabolanda. Etter ein fredsavtale starta arbeidet med å bygge opp landet, og Kirkens Nødhjelp fekk tildelt eit område der dei skulle leie det arbeidet.

- Det arbeidet har prega oss sidan, og arbeidet der vekka mi interesse for samfunnsutvikling, seier Per. - Og sjølv om arbeidet var krevjande, lærte eg mykje der.

Det var tøft å arbeida der og det tok alt eg hadde av krefter. Det var ein krevjande arbeidssituasjon på mange måtar, med tanke på klima, kulturforskjellar, infrastruktur og det å sjå så mange behov som det var vanskeleg å gjera noko med.

Per og Tove Margrete reiste til Sør-Sudan for det som skulle vere ein periode på to år, men han vart forlenga med eitt år. - Vårt fyrste barn fekk me der, fortel Tove Margrete. - Me budde tett på lokalbefolkninga, og eg lærte å vere mor av dei lokale kvinnene. Etter den fyrste toårsperioden, reiste vi heim på ferie. Det siste året reiste vi heim to gonger då begge fedrane våre døydde dette året.

Per fortel at det var ein stor overgang å kome til Sør-Sudan,



Pensjonistar: Per og Tove Margrete på terrassen heime på Boge. (Foto: Privat)

– Eg har blitt takksam for det eg har, men samstundes er det og ei utfordring å kjenne på spenninga mellom andre sin fattigdom og eigen rikdom.

Per Nordmark

mellom anna då eg måtte snakke engelsk i arbeidet. Men tida der gav meg verdifull internasjonal røynsle, og det har i ettertid vore nyttig i arbeidet mitt i Noreg og med internasjonale oppgåver.

Dei har budd på Boge sidan dei kom attende frå Sør-Sudan i 1983. Her lokalt har dei vore med i ulikt frivillig arbeid. Begge har vore med i Vaksdal sokneråd og Vaksdal kyrkjelege fellestråd. Dei har og vore kyrkjetenarar og klokkarar, og Tove Margrete har jamvel vore redaktør for Kyrkjebladet i omlag åtte år. Og Per, han har vore soknet sin kontaktperson for Kirkens Nødhjelp i nærare førti år.

Året etter at Per og Tove Margrete flytta heim att til Noreg, braut det ut ny krig i Sudan. Fredsavtalen vart inngått i 2005.

I 2010 vart det vurdert som trygt nok å reisa til Sør Sudan igjen. Tove Margrete og Per reiste attende, saman med ein flokk tidlegare bistandsarbeidarar. Der fekk dei oppleve at det meste av bygningar var forfallne og øydelagde. Den store gleda var at dei møtte att mange av dei menneska dei

arbeidde saman med på 80-talet. Mange av desse hadde no leiande og viktige stillingar, og nytta både den kunnskapen og dei haldningane dei fekk på den tida Kirkens Nødhjelp var der.

Attende i Sør-Sudan

I 2012 var Per attende i Sør-Sudan i tre månader i ein mellombels stilling som direktør for Holy Trinity Peace Village (fredslandsbyen). Dette prosjektet var starta og leia av den katolske biskopen Paride Taban frå Sør Sudan.

- Det var eit nybrottsarbeid i eit område det det ikkje var nokon innsats frå styresmaktene i landet, og det skulle etablerast infrastruktur, utdanning og helsearbeid med meir. Området heiter Kuron. Arbeidet dekkjer eit område med fleire folkegrupper. Det er eit økumenisk arbeid som er prega av kristen tru og nestekjærleik.

Per er no styremedlem i prosjektet, og har gjennom fleire år reist dit to gonger i året. Han har vore forhindra frå å reise dit den

siste tida grunna koronapandemien, men vonar å få halde fram med arbeidet.

Beredskap

Midt på 90-talet oppretta Kirkens Nødhjelp ei beredskaps-gruppe, sett saman av røynde bistandsarbeidarar. Det var ei gruppe som skulle kunne rykke ut på kort varsel i akutte situasjonar. Per var med i denne gruppa frå starten og har vore i Kosovo, Sudan og Libanon ved fleire høver, alt frå nokre veker til eit halvt år. Arbeidsgjevarane mine viste forståing for dette arbeidet slik at eg fekk permisjon til å reise.

Faste

Fastetida kan nyttast til å tenkje over korleis ein kan bidra til å hjelpe andre menneske, seier Per. - Det eg har opplevd i dette arbeidet har fått meg til å tenkje over eige forbruk når eg er heime i Noreg. Eg har blitt takksam for det eg har, men samstundes er det og ei utfordring å kjenne på spenninga mellom andre sin fattigdom og eigen rikdom.

Fasteaksjonen

Kirkens Nødhjelp er ein bistandsorganisasjon som hjelper svake og vanskelegstilte menneske rundt om i verda, og dei samarbeider med dei lokale organisasjonane rundt om. Kirkens Nødhjelp har særleg fokus på vatn og sanitære tilhøve, og har opparbeidd seg mykje kompetanse på dei områda. Dei har folk i beredskap, så når det oppstår kriser og verdssamfunnet trår til, arbeider Kirkens Nødhjelp særleg med vatn og sanitære tilhøve.

Sist Kirkens Nødhjelp hadde NRK sin TV-aksjon var i 2014, og då var temaet «Vatn». Per har

med eigne auge sett brønningar som vart bora for desse pengane og opplevd gleda i landsbyane over å få tilgang til vatn.



Fakta:

■ **Tove Margrete (66)** arbeidde i kyrkja i Bergen før ho vart pensjonist. Der har ho vore dagleg leiari i tre ulike kyrkje-lydar, og dei siste åra arbeidd på fellestrådet sitt hovudkontor i Bergen, med oppfylging av tilsette i kyrkjelydane. Før det var ho i omlag åtte år på Bergenskontoret til Laget (Norges Kristelige student- og Skoleungdomslag).

■ **Per (69)** arbeidde i Hordaland fylkeskommune, med regional planlegging før han vart pensjonist. Før det arbeidde han i Vaksdal kommune med mellom anna kommunepanlegging i over 15 år og som rådgjevar ved Stormøllen på Vaksdal, Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland og i Landbruksamvirket på Austlandet.



Beirut: Per i Beirut for kirkens Nødhjelp under krigen mellom Hizbolla i Libanon og Israel i 2006. (Foto: Privat)

Susan måtte drikka vatnet ho vaska klede i



Vatn: Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utanfor huset til seksbarnsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruka mykje meir tid på å dyrka kassava og mango.

For seksbarnsmora Susan Miyambo (35) var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask måtte ho henta i ei skitten elv.

Tekst: Anette Torjusen

Me er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

Tunge kanner

Med høner som flaksar rundt beina hennar, eit barn på armen og eit som held i skjørtেকanten, fortel ho om timelange gåturar for å henta vatn før dei fekk reint vatn til landsbyen.

- Mangel på vatn ga oss mange helseproblem. Elva var vår næraste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Me var veldig ofte sjuke, fortel ho.

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timar måtte ho bruka for å henta reint vatn. Det

var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt.

- Me måtte gå store avstandar for å koma til vasskjelda, og det var vanskeleg for familien min å få til det, forklarar ho.

Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass. Litt av plassen er sett av til oppbevaring av fisk og den populære grønnsaka, kassava, som smakar nesten som potet.

- Her ser du litt av inntekta mi, smiler ho. For sal av både fisk og kassava gjev ekstra pengar til storfamilien.

Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.

- No treng me ikkje lenger å gå langt for å henta vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har me fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for.

Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang

til vatn av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 bora me ein brønn. Det er viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vasssystema vi byggjer. Difor samarbeider me tett med våre lokale partnarar og vassingeniørar.

Innbyggjarane er med på å tilretteleggja og vel ein eigen komité som vedlikeheld og har ansvar for vassforsyninga.

For Susan er det no berre ein kort tur til brønnen som er omringa av kanner klare til fyllast opp.

- No kan eg gje familien min reint vatn. Det er eg så glad for.

Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring. Ei bekymring ho deler med resten av verda: Covid-19.

- Eg er redd for å bli smitta når mange av oss er samla, og eg er redd for barna sine og mitt eige liv. Covid-19 er verkeleg og utgjer ein fare for oss alle.

Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa. For i landsbyen er det mange som set pris på reint og trygt vatn, og etterspurnaden er difor stor.

- Mi oppmoding er at det vert bora endå fleire brønner for å

møta etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn, og me kan ha god avstand for å unngå smitte.

Avhengig av hjelp for å hjelpa

For at Susan og andre skal få reint vatn, trengst det hjelp frå oss. Også i 2021 skal frivillige over heile Noreg vera med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og samla inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv i fattige lokalsamfunn ute i verda. Verda står framleis overfor ein pandemi som rammar oss alle på ulike måtar. Kirkens Nødhjelp har nått ut til over 2,4 millionar menneske med koronaførebyggjande tiltak sidan mars 2020, takka vere deira innsats og bidrag.

FASTEAKSJONEN
Du kan bidra ved å senda ei gåve til kontonummer 1594 22 87493, eller VIPPS til 2426, eller sms VANN til 2426 (250,-)

26. MAI — 09. JUNI
2021

FESTSPILLENE
I BERGEN

LES MER OG
KJØP BILLETTER
PÅ FIB.NO

Mathias Rugsveen

Lørdag 29. mai
kl 18.00 i Dale kyrkje

Vinneren av Den norske solistpris
og Virtuos kommer til Dale kyrkje
for å gjøre en solokonsert under
Festspillene i Bergen.

Den unge trekkspillmesteren
fremfører klassiske og
populære verk, og ordfører
Hege Eide Vik er
konferansier.



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsgagt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Veggen i Vaksdal* på Facebook! 

Framleis pregar korona liva våre, og ein del av tiltaka me normalt skulle arrangert allereie, er utsette. Men me vonar at me får gjennomført dei fleste av desse i løpet av året, til dømes Tårnagenthelg for årets åtteåringar og Lys Vaken for årets elleveåringar. Våren og vaksinene er på veg, og me kan endeleg våga å la optimismen sleppa til i kroppen, sjølv om me veit det tek ei tid enno før ting er stabiliserte og normaliserte. Noko har me likevel fått til sånn i starten på 2021:

Baby- og småbornssong og knøttesong i Dale kyrkje

Sidan Dale bedehus no er i bruk til vaksining, har me flytta songsamlingane for born under skulealder til Dale kyrkje. Me har små grupper med påmelding, egne matter til kvar forelder med born, med to meters avstand, og har samlinga framfor benkane.

Me har ikkje matstund rundt bordet slik me pleier, men nokre tar ein matbit på plassen sin. Det har vore fint å vera ilag i kyrkja, og er godt å sjå både små og store! Det er

jo sårbart med oppmøte når gruppen er så små, og det skal så lite til for at ein er nøydd til å halda seg heime. Men det kjem alltid nokon, og slik det er no, tek eg (Kristin) alle samlingar me får til som ein bonus, og som kvalitetstid, uansett kor mange som kjem.

Elles ligg det framleis digitale samlingar ute i gruppa «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» på facebook.



Baby- og småbornssong: Sofia og Lotte utfaldar seg i Dale kyrkje.

Konfirmantane

Konfirmantåret er og prega av korona-situasjonen. Det har vore nokre samlingar med undervisning, det me kallar Alpha-samlingar. Desse har vore prega av smittevern-restriksjonane, og har til dømes vore utan dei gruppesamlingane me brukar å ha. Då har det blitt meir einvegs-kommunikasjon enn me ynskjer, og det gjer at me har hatt mindre høve til å snakke saman om det som har vore dei ulike tema.

Sjølve konfirmasjonsgudstenestene er utsette til hausten, og planen er å ha både leir og fleire samlingar med konfirmantar utover våren.



Fasteaksjon: Per og Tove Margrete Nordmark var med på ei konfirmantsamling for å informere konfirmantane om årets Fasteaksjon.



Kva skjer på VEGEN framover?

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal (0-1 år)

Etter påske er det to rundar igjen med baby- og småbornssong (0-1 år) føremiddagar i **Dale kyrkje, måndag 12 og måndag 19. april**. Meld til Kristin på 95766379 om du ynskjer å delta!

Måndag 26. april startar me opp med samlingar i **Vaksdal kyrkje**, og har òg samlingar **3. mai, 10. mai, 31. mai, 7. juni og 14. juni**, også desse med påmelding. Det vert små grupper og påmelding, fylg med på facebook-sida «*Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal*» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Audestad. Me har altså bytta til måndagar for å kunna nytta kyrkjene utan å koma i vegen for gravferder.



Tårnagenthelg

Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje er utsett til etter sommaren, då håpar me å invitera årets åtteåringar i kommunen til ei kjekk helg i Vaksdal kyrkje!

Palmesøndags-gudsteneste med påskevandring, sjuåringane spesielt inviterte

På Palmesundag er det gudsteneste i Dale kyrkje der årets sjuåringar er spesielt inviterte, men det er sjølv sagt ope for alle, så lenge det er plass. Det vert ei «sitjande» påskevandring der ein deltek frå staden ein sit på, og får oppleve dei fire sentrale dagane i påska levande og kreativt dramatisert.

Knøttesong på Dale og Vaksdal (2-5 år)

Me held fram med knøttesong for born 2-5 år på Dale og Vaksdal, måndag ettermiddagar klokka 17-18. Meld til Kristin på 95766379 om du ynskjer å delta! I **Dale kyrkje** er det to gongar igjen, **måndag 12 og måndag 19. april**. **Måndag 26. april** startar me opp med samlingar i **Vaksdal kyrkje**, og har òg samlingar **3. mai, 10. mai, 31. mai, 7. juni og 14. juni**. Ta gjerne med kvelds og et saman med oss mot slutten av samlinga! Fylg facebook-gruppa «*Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal*» for oppdatert informasjon. Velkomen!

Baby- og småbornssong på Stamnes

Me håpar det vert samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes etter påske. Me samlast i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12, datoar vert annonsert seinare, til dømes på facebook-sida «*Vegen i Vaksdal*».

Påskevandringar i og rundt kyrkjene

Me freistar å få til fleire påskevandringar i og rundt fleire av kyrkjene våre. I **Dale kyrkje vert det sett opp ei påskevandring inne i kyrkja**, med postar der ein kan gå gjennom kyrkjerommet i egne kohortar og sjå og høyra scener frå påskeforteljinga. Ein fin måte for borna å læra meir om noko av bakgrunnen for påska. Det vert òg sett opp ei vandring med plakatar, for vaksne som vil gå djupare inn i påskeforteljinga. **Dale kyrkje vert open for påskevandring måndag 29. mars og onsdag 31. mars på desse tidspunkta: 10-12 og 15-18**. Kristin er i våpenhuset og tek imot og informerer om vandringa, men de går rundt sjølve, med avstand til andre kohortar. **Rundt Vaksdal kyrkje vert det sannsynlegvis ei utandørs påskevandring som heng oppe gjennom heile påska, frå laurdag 27. mars**. Den er fin å gjennomføra for til dømes småbornfamiliær, eller besteforeldre og barneborn, som ei slags aktivitetsløype. Det er mogleg det vert utandørs påskevandringar fleire stadar i kommunen, fylg med på facebook-sida vår «*Vegen i Vaksdal*» for oppdatert info!

Lys Vaken og utdeling av NT

Me prøver igjen: **17.-18.april** er det **Lys Vaken i Dale kyrkje**, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med! Det vert òg utdeling av Nytestamentet under gudstenesta.

Tankar frå trusopplæraren

Uro. Eg har tenkt ein del på uro det siste året. Kjend ein del på det òg. Stress, angst, bekymringar, kjensla av å ikkje ha kontroll. Eit trykk som byggjer seg opp innvendig, mange ord ein ikkje heilt får tak på. Det er vanskeleg å ikkje kunna møtast som før. Det er vanskeleg når kvardagen er sett på vent, stadig litt til, og litt til. Kor lang skal denne innspurten vera, før dagane er meir vanlege igjen? Kortid kan me klemma som før?

Er det uro rundt oss, er



det nok lett for at den festar seg inni oss òg. Og vert ein sjølv uroleg, kan det igjen smitta på dei rundt ein. Det merkar ein gjerne spesielt som foreldre. Er dei vaksne i heimen stressa og på tuppene, tar det ikkje lang tid før borna på ulike måtar utagerer, kranglar, eller heldt inne egne kjensler for å ikkje vera til bry. Ingen av delane er særleg sunt i lengda! (I grunn ikkje så sunt uansett kor kortvarig det er, når eg tenkjer meg om...)

Fred. Det hadde vore fint å finna. Den freden som kjem innanfrå, som ikkje er avhengig av menneska me omgjev oss med, eller samfunnet me lever i. Då treng me å ankra oss til noko stabilt. Nokon som står støtt og trygt også når det stormar som verst. Eg trur Gud kan gje oss denne roen. Guds fred er full av raus kjærleik. Han ser, Han toler, Han lyttar, Han er nær, uansett kva retning stormen har ført oss. Han er der òg når det løyar. Og når det bles opp igjen. Heldigvis.



PÅSKEAKTIVITETAR FOR BORN



Finn

JESUSBAMSEN

Jesusbamsen har gøymd seg fem stadar i bladet. Finn du ut kva sider han har gøymd seg på? Skriv sidetala du finn bamsen på, og send på mail til vegen.vaksdal@kyrkja.no innan 5. april, så trekkjer eg ut ein vinnar som får premie i posten!

PÅSKEGÅTER

Kvifor legg hønene egg?

Svar: Viss dei kasta dei, ville egga vorte knuste

Korleis sluttar påska?

Svar: Med bokstaven a vel!

Kor mange påskeegg kan du putta i ei tom korg?

Svar: Kun eitt vel, etter det er den ikkje tom lenger!

VISSTE DU AT...

...kyllingane og egga me dekorerer med i påska er symbol for håp og nytt liv – slik Jesus gav oss håp då han stod opp frå grava påskedagen?

...eit anna symbol som me kan bruka i påska er sommarfuglen, som får «nytt liv» som ein vakker sommarfugl etter å ha vore ei larve som gjekk «i hi» i ei puppe?

...fyrste påskedag er ulik frå år til år, fordi den er bestemt til å vera fyrste søndag etter fyrste fullmåne etter vårjamdøgn?

Andre ting å gjera i påska:

Her kjem nokre forslag til ting de kan gjera saman med familien i påska:

- **Henteleiken:** Lag ei liste over ting som kan finnast der de er, del familien i to lag, og rop ein ting om gongen. Det fyrste laget som kjem fram til leiaren med riktig ting (t.d. ein sokk, ei hue, ein tannkost osv.) får poeng.

- **Teikn ditt eige stigespel/brettspel:** Lag mange ruter og lag eit brettspel du kan spela med familien din! Bruk brikker og terning frå eit anna spel når de skal spela, eller lag brikkene sjølv, av til dømes papp

- **Leik uteleikar** saman med fleire andre i nabolaget, det finst mange leikar som går an å leika med avstand, til dømes bomskinn, gøymespel, gje eit lite vink og ein to tre raudt lys.

- **Ha påskeverkstad** og lag kyllingar eller egg eller sommarfuglar med dei materiala de har i hus, til dømes med dorullar, farga papir, maling, osv. Eller kanskje de kan blåsa ut innhaldet i vanlege egg, mala dei med fine fargar og pynta med dei på ei grein i glaskarmen?

Påskequiz med premie

Svar på spørsmåla, og vinn ein premie!

1. Jesus satt på eit dyr då han reid inn til Jerusalem på palmesøndag. Kva dyr sat han på? A: eit esel B: ein hest C: ei kyr
2. Kva vifta folk med då Jesus reid inn i Jerusalem? A: håret sitt B: pengar C: palmegreiner
3. Kva kallast dagen då Jesus åt med venene sine, og vaska føtene deira? A: Skjærtorsdag B: Skjoretorsdag C: Vaskeonsdag
4. Ein av venane til Jesus peika han ut, så han blei fanga av dei som styrte Jerusalem. Kva heitte den venen? A: Peter B: Judas C: Johannes
5. Kva heitte det der Jesus hang på krossen? A: Galilea B: Georgia C: Golgata
6. Kvifor vart venene til Jesus glade då dei besøkte grava hans tre dagar etter at han var død? A: det vaks blomster på grava B: Jesus var ikkje død lenger C: dei tenkte på alt det fine dei hadde opplevd saman med han då han levde
7. Korleis sluttar songtittelen? På Golgata stod det ein A: ...mann B: ...bil C: ... kross
8. Korleis sluttar songtittelen? Dine hender er fulle av A: ...håndsprit B: ...blomster C: ... mobiler

Send svara dine på mail til vegen.vaksdal@kyrkja.no innan 5. april, så trekkjer me ut ein vinnar.



UNDER GALLERIET
i Dale kyrkje
Torsdag 25. mars kl. 19.00

KVA ER KRISTEN SJELESORG?



- Å møte, lytte og være til stede uten å overta.
ved
Øystein Rønhovde
frå Haraldsplass samtalesenter

Samtale/høve til spørsmål
Enkel servering Arr: Dale sokneråd

Naudsynte smitteverntiltak vert tekne
- ein møtestad i Dale kyrkje



SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

31.01	Louisa Rødland Savcheva
14.03	Tomine Oppistov Danielsen



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

22.11	Ester Seim	1925
27.11	Henny Sigrud Fadnes	1925
18.12	Terje Stanghelle	1952
21.12	Marta Agathe Hatlestad	1949
21.12	Reidun Kari Simmenes	1938
23.12	Nils Dalseide	1935
13.01	Linda Marit Tyssøy	1965
21.01	Helge Hermann Dale	1922
07.02	Erna Kvamme	1931
16.02	Målfrid Søvik	1931
19.02	Sigrud B Olsnes	1932
24.02	Odin Andreassen Århus	2021
24.02	Gullbjørg Langhelle	1929
26.02	Erling Djukastein	1936
26.02	Otto Heimdal	1925
27.02	Arnfred Sigurd Sellevold	1935

Eidsland

28.02	Alvhild Wiik	1928
-------	--------------	------

Stamnes

22.12	Sigmund Johan Bukkestein	1942
-------	--------------------------	------

Vaksdal

09.12	Ingvald Jacobsen	1943
28.12	Alfred Eide	1930
31.12	Liv Turid Ulevik	1942
07.01	Edit Knutsen	1929
13.01	Gerd Karin Fauske	1956
15.01	Kjellaug Gudrun Bergstø	1943

tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no



DALETEC



NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale
graverdsbyrå

AVDELING VAKSDAL

ALLTID HER FOR

deg



Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alnheim

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Elvavegen 1
Dalekvam
Tlf. 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1
Alversund
Tlf. 56 37 14 10

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00 

ARNPRO 

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting


STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SÆTERDAL
ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no




Alt innan
tømrararbeid

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no


IDEHUS
BYGGER PÅ GODE IDEER

Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no

Ve vangen elektriske a/s
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34

VELKOMEN TIL KYRKJA

Grunna korona-situasjonen og andre forhold me ikkje kan forutsjå kan det bli endringar i gudstenestelista.

Oppdaterte opplysningar: Annonser i lokalavisa, oppslag og www.kyrkja.no/vaksdal

Dåp vert inntil vidare i egne dåpsgudstenester.

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.

Søndag 28. mars - Palmesøndag

DALE KYRKJE kl. 11.00

Familiegudsteneste, ved Audestad og Bø.

EKSINGEDLEN KYRKJE kl. 15.00

Familiegudsteneste, ved Audestad og Bø.

Torsdag 1. april - Skjærtorsdag

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00

Nattverds-gudsteneste, ved Kvamsøe.

Orgelresitasjon kl. 10.30 ved Gjertsen.

DALE KYRKJE kl. 19.00

Nattverds-gudsteneste, ved Bø.

Orgelresitasjon kl. 18.30 ved Gjertsen.

Fredag 2. april - Langfredag

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Pasjons-gudsteneste, ved Kvamsøe.

Nattverd. Orgelresitasjon kl. 10.30 ved

Proskurnin.

Søndag 4. april - Påskedag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudsteneste for Eksingedalen, ved Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Orgelresitasjon kl. 10.30 ved Gjertsen.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal,

Dale og Stamnes, ved Kvamsøe. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00

Høgtidsgudsteneste, ved Kvamsøe.

Nattverd. Kyrkjekaffi. Soknemøte.

Orgelresitasjon kl. 19.30 ved Gjertsen.

Måndag 5. april - 2. Påskedag

Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 11. april - 2. søndag i påsketida

Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 18. april - 3. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00.

Familiegudsteneste / Lys Vaken-helg for

årets 11-åringar, ved Kvamsøe. Kyrkjekaffi

Søndag 25. april - 4. søndag i påsketida

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00

Ung Messe, ved konfirmantane, Bø og

Kvamsøe. Nattverd.

Torsdag 1. mai

DALE KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste ved Bø. Song av Dale Mannskor.

Søndag 2. mai - 5. søndag i påsketida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste, ved Bø. Nattverd.

Søndag 9. mai - 5. søndag i påsketida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd.

Torsdag 13. mai - Helgetorsdag

SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00

Friluftsgudsteneste, ved Audestad og Bø.

Søndag 16. mai - 6. søndag i påsketida

Ingen gudsteneste i Vaksdal

Måndag 17. mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00

Festgudsteneste, ved Bø

DALE KYRKJE kl. 10.30

Festgudsteneste, ved Kvamsøe

STAMNES KYRKJE kl. 12.00

Familiegudsteneste, ved Bø

EIDSLAND KAPELL kl. 12.30

Familiegudsteneste, ved Kvamsøe

Søndag 23. mai - Pinsedag

DALE KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Stamnes og Vaksdal, ved Bø. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00

Høgtidsgudsteneste, ved Kvamsøe.

Nattverd.

Måndag 24. mai - 2. pinsedag

Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 30. mai - Treeiningssøndag

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste, ved Bø. Nattverd.

Laurdag 5. juni

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00

Konfirmasjon, ved Kvamsøe

Søndag 6. juni -

2. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste, ved Bø. Nattverd.

FITJAVATNET / NORDVIKSÆTER kl. 12.00

Fitjvasstemna, ved Kvamsøe. Matøkt

(medbragt mat).

Søndag 13. juni -

3. søndag i treeiningstida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste, ved Bø. Nattverd.

DALE KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd.



Orgelresitasjon kl. 10.30 ved Gjertsen.



Stamnes sokneråd takkar!

Stamnes sokneråd har siste åra brukt å ha tilstelling i februar saman med barnekoret, der me har hatt basar og minikonsert. Dette kunne me naturleg nok ikkje gjennomføra dette året. Men me har selt lodd «på bøker» og hatt lynlotteri og på denne måten fått inn vel kr 20 000,- til inntekt for kyrkjelydsarbeidet i Stamnes og på Eidsland. Me synest dette er eit flott resultat i «desse tider». Takk for positiv haldning til arbeidet soknerådet gjer! Soknerådet takkar hjarteleg alle dykk som bidrog med gevinstar og kjøpte lodd! Tusen takk til 20-årsjubilanten Stamnes barnekor for at de gledde oss med fin song på «bålpanne-gudstenesta» ved kyrkja på Stamnes 21. februar! Me ynskjer alle ei god påske og ein fin frisk vår framover!





REINT VATN REDDAR LIV.
FORANDRE. FOR ANDRE.

fasteaksjonen.no

FASTEAKSJONEN 2021

I år riggast det for fysiske og digitale bøsser i landet sine mange kyrkjelydar. Behova er større enn nokon gong. Bli med å bidra!

Vipps valfritt beløp til **2426**
SMS VANN til **2426** (250,-)
Eller gi på konto **1594 22 87493**



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omløm

bunadselv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Østerey næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no